

# Årsrapport 2013

## Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek (NLB)



## **Innhald**

Årsrapport 2013.....	1
Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek (NLB) .....	1
Årsrapport 2013.....	4
Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek.....	4
NLBs organisasjon.....	5
Tilsette.....	5
Lokalisering.....	5
Intern organisering .....	5
NLBs styre .....	6
Saker .....	7
Årsrekneskap 2013 .....	7
Tildelingsbrev og rundskriv.....	7
Forklaringar til rekneskapstal.....	8
Resultatrapport .....	9
NLB 2013 .....	9
Resultatmål 1 – Formidling .....	11
Informasjon.....	11
Tiltak for barn og unge.....	11
Behaldning .....	13
Utlån .....	15
Lånarar .....	16
Resultatmål 2 – Produksjon .....	17
Samla produksjon.....	17
Folkebiblioteklitteratur.....	18
Studielitteratur .....	21
Resultatmål 3 – Studenttenesta .....	21
Produksjonsomfang og leveringstid.....	21
Lånarsamansetnad.....	22
Auka utlån .....	22
Resultatmål 4 – Nasjonalt ansvar .....	23
Samarbeid nasjonalt.....	23
Internasjonalt samarbeid .....	23
Resultatmål 5 – Utvikling.....	24

Distribusjon.....	24
Produksjon .....	25
Risikostyring og internkontroll .....	26
Likestilling .....	27
Miljøarbeid .....	27
Anna rapportering .....	28
Inkludering og mangfald .....	28
Universell utforming.....	28
Brukarundersøking .....	28
Oppfølging av IA-avtalen .....	29
Utfordringar for NLB.....	29

# Årsrapport 2013

## Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek

Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek (NLB) er den største produsenten av tilrettelagd litteratur i Noreg. NLB produserer og låner ut lydbøker og bøker i punktskrift til menneske med synshemming, dysleksi eller andre funksjonsnedsetjingar som gjer at dei har vanskar med å lese trykt tekst. Bibliotektilbodet er eit viktig bidrag til likestilling i samfunnet for ei stor gruppe av innbyggjarane våre.

Bokbasen vår inneheld skjønnlitteratur, sakprosa, aviser og tidsskrift. Tilbodet av folkebiblioteklitteratur speglar i stor grad det norske litterære landskapet og tilbodet som finst i folkebiblioteka. I tillegg til folkebiblioteklitteratur produserer og låner vi ut tilrettelagd pensumlitteratur for studentar ved universitet, høgskolar og fagskolar. Frå 2003 har NLB administrert og utført utskriftsteneste for døvblinde.

Som eit resultat av ein målretta prosess for å forbetre resultata i verksemda har NLB dei seinaste åra hatt ein jamn produksjons- og utlånsvekst. Samtidig som vi har utvikla og implementert ny produksjonsteknologi, har vi lagt ned betydelege ressursar i å utvikle nye distribusjonsløyisingar, noko som førebur verksemda på ein ytterlegare resultatvekst.

### Lydbok-app for smarttelefonar og nettbrett

- I 2013 tok vi i bruk Lydhør, som gjer det enkelt for lånarane våre å strøyme og laste ned lydbøker til smarttelefonar og nettbrett.

### Auka utlån

- Det samla utlånet av lydbøker og bøker i punktskrift auka med 9 prosent i 2013.
- Utlånet av studielitteratur auka med 33 prosent og utlånet av folkebiblioteklitteratur med 8 prosent.

### Nytt produksjonsverktøy for innlesne lydbøker

- Det blei utført eit betydeleg utviklingsarbeid i 2013, og implementeringa av det nye produksjonsverktøyet skal gjennomførast i 2014.

### Vidareutvikla distribusjonsløyising

- Vi har gjennomført det nødvendige utviklingsarbeidet for å ta i bruk lydbok-appen og for å leggje til rette for å ta i bruk eit nytt online avspelingsutstyr som i framtida kan erstatte CD-ar. Vi har også gjort endringar i biblioteksystemet for ein meir effektiv avisdistribusjon og tilrettelegging for eit utvida avistilbod.

### Talet på lånarar aukar

- Talet på lånarar i NLB auka med 11 prosent i 2013.

### Retten til å lese

- NLB har utvikla og lansert aksjonen Rett til å lese. Aksjonen styrkjer satsinga på informasjon og dannar ei overbygning over fleire kampanjar. Sprei ordet, den første kampanjen, som rettar seg mot alle folkebiblioteka i landet, er i gang. Ein ny kampanje, retta mot barn og unge i målgruppa, startar tidleg 2014.

### **Skriveleir for unge med synshemming**

- NLB arrangerte i 2013 for femte gong skriveleir for ungdom med synshemming.

### **Lesestimuleringstiltak for barn med synshemming**

- For å stimulere til meir lesing av bøker i punktskrift har NLB i samarbeid med Norges Blindforbund starta Punktklubben.



**Rett til å lese**



**Lydhør**

### **NLBs organisasjon**

NLB er ein statsinstitusjon under Kulturdepartementet. Institusjonen skal yte bibliotektenester til blinde, svaksynte og andre lesehemma. NLB produserer og låner ut folkebibliotekrelevant litteratur i punktskrift og som lydbøker i DAISY-format. Biblioteket tilbyr eit breitt utval av skjønnlitteratur og sakprosa for barn, ungdom og vaksne.

NLB produserer i tillegg studielitteratur for universitet, høgskolar og fagskolar.

### **Tilsette**

Per 31.12.13 hadde NLB 55 tilsette som utførte 50 årsverk. Direktør er Øyvind Engh.

### **Lokalisering**

Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek held til i Oslo, i bygget Halvbroren, som er eit tilbygg til Nasjonalbiblioteket. NLB er samlokalisert med Nasjonalbiblioteket, Språkrådet, Norsk lokalhistorisk institutt, Norsk barnebokinstitutt, NORLA og Music Norway.

### **Intern organisering**

NLB er organisert med fire avdelingar, som blir leidde av seksjonssjefar.

### **Administrasjonsavdelinga**

Administrasjonsavdelinga har hovudansvaret for IKT, økonomi, personal, arkiv og drift av lokala våre.

### **Avdeling utlån/formidling**

NLBs førstelinjeteneste ligg under Avdeling utlån/formidling. Avdelinga yter bibliotektenester overfor alle brukargruppene til NLB. Både studenttenesta og folkebibliotektenesta høyrer inn under denne avdelinga. Avdelinga har ansvar for bokval og andre bibliotekfaglege oppgåver, i tillegg til vidareutvikling av formidlings- og utlånsprosessar.

## **Produksjonsavdelinga**

Produksjonsavdelinga har som sitt hovudansvar å produsere lydbøker, punktskriftbøker og andre tilrettelagde format for brukargruppene våre. Avdelinga er også den viktigaste teknologiske utviklingseininga i NLB.

## **Informasjonsavdelinga**

Informasjonsavdelinga skal sikre god intern og ekstern kommunikasjon og bidra aktivt til at tilboda frå NLB blir godt kjende i målgruppene.

## **Styret**

Styret for Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek er nemnt opp av Kulturdepartementet. Styret har ein leiar og sju medlemmer, av dei er tre medlemmer nemnde opp etter forslag frå Norges blindeforbund og éin etter forslag frå dei tilsette i NLB. Desse fire har personlege vararepresentantar, medan dei departementsoppnemnde medlemmene har tre vararepresentantar som ikkje er personlege. Det sitjande styret er nemnt opp for perioden 2012–2015.

Medlemmer som er nemnde opp av departementet:

Leiar: Trygve G. Nordby  
Nestleiar: Tone Moseid  
Helena Kettner Rudberg  
Eirik Newth

Medlemmer som er nemnde opp etter forslag frå Norges Blindeforbund:

Gunnar Haugsveen  
Margareta Forrestad  
Ida Martine Nilsen

Medlem som er nemnd opp etter forslag frå dei tilsette i NLB:

Merete Carlsen

Vararepresentantar som er nemnde opp av departementet:

Vara 1 Svein Arne Solbakk  
Vara 2 Toril Laberg  
Vara 3 Hege Finnset Eidseter

Vararepresentantar som er nemnde opp etter forslag frå Norges Blindeforbund:

Liv Therese Larsen  
Terje André Olsen  
Kari Wiik

Vararepresentant som er nemnd opp etter forslag frå dei tilsette i NLB:

Ingvild Aanensen

Frå andre halvår 2012 har Caroline Solem, generalsekretær i Dysleksi Norge delteke som observatør på styremøta.

## Saker

Styret har hatt 4 møte og behandla 50 saker. Kvart møte har faste saker, som rekneskap, utlåns- og produksjonsstatistikkar og utviklingsprosjekt. I tillegg har styret mellom anna behandla desse sakene:

- budsjett, verksemdsplan og årsrapport
- tilknytingsforhold og avtalar for innlesarar i NLB
- prosess for utarbeiding av ny strategiplan for NLB

I tillegg til styremøta har det i 2013 vore to styreseminar.

## Årsrekneskap 2013

	Rekneskap 31.12.2013	Rekneskap 31.12.2012
Løyvd ramme	52.076.000	50.497.000
Sal (meirinntekt frå kap. 3326 post 01)	226.474	287.832
Overført frå 2012	-21.000	-456.000
Inntekt skriveleiren		
Lønnsrefusjon	-349.000	-724.000
Refusjonar	-1.174.637	-537.978
<b>Total ramme</b>	<b>-53.847.111</b>	<b>-52.502.810</b>
11 Lønn – vikar – overtid tilsette	22.652.937	20.053.374
12 Lønn engasjement	598.631	1.184.177
13 Innlesarar/tekstkonsulent	2.753.118	7.016.912
17 Styrearbeid		
18 Arbeidsg.avg.	3.907.348	3.920.538
<b>Totale lønnskostnader</b>	<b>29.912.033</b>	<b>32.175.001</b>
21 Invest. IT, inventar, maskiner	2.306.375	2.195.513
22 Produksjonsmaterieill	2.291.869	2.088.507
23 Reise/kurs/velferd	1.924.077	1.700.255
24 Kontor, program, tlf., porto, marknadsf.	3.225.607	2.728.100
25 Konsulent – kjøp av tenester	5.332.847	4.773.162
26 Vederlag/kontingentar	3.135.369	1.342.463
27 Vedl./drift maskiner	56.815	356.994
28 Vedl. bygg og anlegg		0
29 Drift lokale	5.828.640	5.122.298
<b>Totale driftskostnader</b>	<b>24.101.600</b>	<b>20.307.292</b>
<b>Totale kostnader</b>	<b>54.013.633</b>	<b>52.482.293</b>
<b>Resultat ( -mindreforbruk)</b>	<b>166.522</b>	<b>-20.517</b>

## Tildelingsbrev og rundskriv

NLB har motteke desse dokumenta frå KUD om budsjettet for 2013:

- Tildelingsbrev 17.01.2013

- Endring i tildelt budsjetttramme 10.04.2013
- Fastsetjing av endelege budsjetttrammer i brev 30.10.2013

### **Forklaringar til rekneskapstal**

NLB hadde ei meirutgift på kr 166 522,- for 2013 i forhold til den tildelte ramma og egne inntekter.

#### **Kap. 3326 post 01**

Kravet til egne inntekter for året 2013 var kr 60 000,-. Dei totale inntektene var på kr 286 474,-. Av det er kr 160 000,- knytt til rekneskaps- og IKT-tenester til Norsk Lokalhistorisk Institutt (NLI). Dei resterande kr 120 474,- er diverse IKT-hjelp og telefoni i samband med drift av felleslokale, Norsk barnebokinstitut og NORLA. Meirinntekt for sal blir da kr 226 474,-.

#### **Kap. 326 post 01**

I det endelege tildelingsbrevet, datert 17.01.2013, var løyvinga på kr 52 109.000,-. I brev av 10.04.2013 blei ramma redusert med kr 33 000,-, men samtidig auka med kr 21 000,- for overføring av mindreforbruket frå 2012. Den endelege ramma blei sett i brev av 30.10.2013, der ein lønnskompensasjon på kr 349 000,- blei plussa på ramma. Totalt blei da ramma på kr 52 446.000,-. NLB har motteke kr 1 174 637,- i sjukepengerefusjonar, svangerskapsrefusjonar og arbeidsmarknadstiltak. Det endelege resultatet for 2013 gav ei meirutgift på kr 166 522,-, som skal dekkjast inn i 2014.

#### **Post 1.1 Personalkostnader**

Lønnskostnadene var på kr 26 530 039,- som var 49,3 prosent av dei samla kostnadene. Honorara til innlesing av bøker var på kr 3 141 307,-.

#### **Post 1.2 Driftskostnader**

I 2013 har drifta i NLB vore prega av utvikling og implementering av ein app for smarttelefonar og nettbrett. I tillegg har vi hatt auka kostnader til konsulenttenester for å avklare avtale- og tilknytingsforhold for innlesarane. Når det gjeld produksjon, har vi hatt eit dårlegare år enn budsjettert på grunn av ueinigheita med innlesarane. I perioden april til oktober 2013 var det sterkt redusert innlesingsaktivitet hos NLB. Større utlån av lydbøker inneber større driftskostnader. Vi har betalt det siste avdraget for leige av møblar til egne lokale og del av fellesareal.

#### **Tilskotsordningar**

NLB forvaltar eit tilskot til Offentleg utval for punktskrift (OUP)

#### **Kap. 0326 Post 78 Språk-, litteratur- og bibliotekformål, Ymse faste tiltak**

Tildelt løyving 2013 (jf. endeleg tildelingsbrev)	755 000
Rekneskap 2013	<u>592 688</u>
<b>Mindreutgift</b>	<b><u>162 312</u></b>

Årsaka til mindreutgifta på kr 162 312,- er at eit prosjekt blei sett i gang seinare enn planlagt. Kostnadene til dette prosjektet vil komme neste år.



# Resultatrapport


## NLB 2013

### Distribusjon

NLB har i 2013 halde fram med prosessen med å forbetre resultata og styrkje bibliotektilbodet til menneske i målgruppa vår. Hausten 2013 tok vi i bruk lydbok-appen Lydhør. Utviklinga av Lydhør er eit ledd i eit planmessig arbeid for å tilpasse distribusjonsløyningane våre til den teknologiske utviklinga og endringane i behova til brukargruppene våre. Lydhør er utvikla for smarttelefonar og nettbrett, og kan lastast ned gratis frå App Store og Google Play. Med Lydhør er det enkelt å søkje opp, låne og spele av lydbøker på plattformer som er i alminneleg bruk, noko som er med på å fremme tilgang og likestilling i samfunnet for menneske med behov for tilrettelagd litteratur.

I 2013 starta vi eit prosjekt for å teste ut distribusjon av lydbøker via Internett til DAISY-Online-spelarar. Prosjektet førebur NLB til distribusjon direkte til DAISY-spelarar i ein situasjon i framtida der CD-ar, som ei følge av generelle, kommersielle teknologiske endringar, kan bli fasa ut. Prosjektet blir ført vidare i 2014.

Ein auke i bruken av sjølvbetente utlåns- og distribusjonsløyningar har ført til eit behov for å styrkje den nettbaserte brukarstøtta. I 2013 blei ein ny modul for brukarstøtte implementert på nettsidene våre.



*Lydhør i bruk på iPad.*

## **Samarbeid**

Vi har halde fram med samarbeidet med andre produsentar om produksjons- og distribusjonsløyningar, både nasjonalt og internasjonalt. I året som gjekk, har vi samarbeidd med KABB (Kristent arbeid blant blinde og svaksynte) om ei felles distribusjonsløyning for lydbøker. Vidare har vi hatt samtalar med Norges Blindforbund om distribusjon av lydavisene dei produserer. Vi har også oppretta ein dialog med Statped for å sjå på om det er mogleg å få til eit samarbeid om distribusjon av tilrettelagd litteratur som er produsert for grunnskole og vidaregåande skole.

## **Informasjon**

For å styrkje informasjonsarbeidet har vi utvikla aksjonen Rett til å lese, som har si eiga nettside, <http://www.rettilaalese.no>. Aksjonen blei lansert i april 2013. Lanseringa fekk brei mediedekning, med innslag i TV2 og NRK Radio. Under aksjonskonseptet Rett til å lese skal vi gjennomføre ulike informasjonskampanjar. Den første, Sprei ordet, som er retta mot folkebibliotek i alle fylka i landet, er under gjennomføring.

## **Produksjon**

Vi har behov for eit betre verktøy for innlesing av lydbøker, og har i samarbeid med det danske søsterbiblioteket vårt NOTA inngått kontrakt med den danske leverandøren Hindenburg om utvikling av eit nytt produksjonsverktøy. Verktøyet blei ferdig utvikla i 2013, og skal takast i bruk i studioa våre i løpet av 2014. Det nye produksjonsverktøyet vil effektivisere produksjonen, auke kvaliteten og gjere det mogleg for NLB å tilby lånarane innlesne bøker med fulltekst. Lydbøker i fulltekst inneheld i tillegg til lyd den trykte teksten. Tekst og tale er synkroniserte.

2013 har vore prega av ei langvarig ueinigheit mellom NLB og innlesarar. Ueinigheita, som gjaldt tilknytingsforholdet mellom innlesarane og NLB, førte til ein sterkt redusert innlesingsaktivitet i perioden april til oktober 2013. Tidlegare var alle innlesarane hos NLB oppdragstakarar. I 2013 blei sju innlesarar fast tilsette i ulike stillingsdelar, til saman 4,8 årsverk. Vidare tok tolv innlesarar ut stemning for Oslo tingrett med påstand om at dei er å betrakte som fast tilsette, eller at dei har krav på større stillingsdel. Denne tvisten er ikkje avgjort.

Som eit direkte resultat av ueinigheita med innlesarane blei produksjonen av innlesne lydbøker i 2013 redusert med totalt 50 prosent samanlikna med 2012. Reduksjonen i talet på innlesne lydbøker og tidsskrift i kategorien folkebiblioteklitteratur var på 49 prosent. Produksjonen av innlesen pensumlitteratur blei redusert med 54 prosent.

## **Omorganisering**

I 2013 blei talet på avdelingar i NLB utvida frå fire til fem. Produksjons- og utviklingsoppgåver som fram til no har vore lagde til produksjonsavdelinga, skal fordelast mellom to nyopprettede avdelingar. Den eine av dei to nye avdelingane blir tillagd alle oppgåvene som er knytte til produksjon av innlesne lydbøker. Dei andre produksjonsoppgåvene, i tillegg til ein stor del av utviklingsoppgåvene, skal leggjast til den andre av dei to nye avdelingane våre. Omorganiseringa skal gjennomførast i 2014.

## Resultatmål 1 – Formidling

NLB har eit breitt litteraturutval som er tilpassa behova til dei ulike brukargruppene våre. Som i folkebiblioteka er samlinga vår basert på kvalitet, allsidigheit og aktualitet. Utviklinga av litteraturtilbodet speglar samansetnaden av lånarar og ønske frå lånarane våre. Lydboksamlinga er dei tre seinaste åra utvida med innkjøpte titlar frå søsterbiblioteket vårt RNIB i Storbritannia.

Vi har lånarar i alle aldrar og med ulik teknologikompetanse. For å sikre eit godt bibliotektilbod til alle i målgruppa har vi i tillegg til å auke satsinga på nettbasert distribusjon oppretthalde ei førstelinjeteneste som gjer det enkelt å kontakte oss på telefon eller via e-post. Lånarane våre kan strøyme, laste ned eller bestille lydbøker som blir sende på CD i posten. Punktskriftbøkene blir produserte på bestilling og sende ut i hefteformat.

Det har vore ein auke i nettbaserte utlån. Vi har som mål at enda fleire lånarar skal nytte den sjølvbetente, nettbaserte distribusjonsløyisinga vår. Lanseringa av lydbok-appen Lydhør og forbetra brukarstøtte på nettsidene våre er tiltak vi har gjennomført i 2013 for å nå dette målet. Formålstenlege nettsider betyr mykje for å sikre god litteraturformidling, informasjon og kommunikasjon og auke den nettbaserte distribusjonen. Vi har starta eit prosjekt for å evaluere og utvikle nettsidene våre vidare.

## Informasjon

For å styrkje informasjonsarbeidet og nå fleire i målgruppa med informasjon om tilbodet vårt har vi utarbeidd aksjonen Rett til å lese. Under denne aksjonsparaplyen skal vi gjennomføre ulike aktivitetar og kampanjar retta mot potensielle lånarar, samarbeidspartnarar og andre som er i kontakt med målgruppene våre.

Aksjonen skal i tillegg til å gi NLB fleire nye lånarar bidra til å auke den alminnelege kjennskapen til NLB og skape større merksemd om kor viktig det er at alle menneske i samfunnet vårt har tilgang til litteratur og informasjon. Aksjonen har ein eigen nettstad, <http://www.rettilaalese.no>.

Den første kampanjen under Rett til å lese-konseptet, som vi har kalla Sprei ordet, blir gjennomført som ei vandreutstilling i mange folkebibliotek i alle fylka i landet. Østfold og Troms var først ute, og så langt har til saman 80 folkebibliotek fordelt på seks fylke vore med. Sprei ordet-kampanjen starta våren 2013, og varer til sommaren 2014. Vi har starta planlegginga av neste kampanje, som skal rette seg mot barn og unge i målgruppa. Skolebibliotek og lærarar er sentrale her. Kampanjen skal lanserast våren 2014.



Frå innslaget i God Morgen Norge om Rett til å lese-aksjonen. Mai-Linn Holdt, Hans Olav Lahlum og Merete Carlsen i studio.



NLB-tilsette på stand under lanseringa av Rett til å lese-aksjonen, 24. april 2013.

## Tiltak for barn og unge

NLB har to bibliotekarar som har ansvar for tilbodet til barn og unge i målgruppa. Det er eit mål å gi barn og unge med synshemming, dysleksi eller andre funksjonsnedsetjingar som gjer at dei har vanskar med å lese trykt tekst, tilgang til dei same bøkene som andre barn les og snakkar om.

NLB skal bidra til å auke bruken av punktskrift. I 2013 starta vi «Punktklubben», eit lesestimuleringsiltak for blinde barn i grunnskolealder, klassetrinn 1 til 7. I perioden 2013 til 2015 skal det produserast taktile bilete, eller følebilete, følgde av tekstar i punktskrift tilpassa dei ulike aldersgruppene. Formålet med prosjektet er å oppmuntre til meir lesing av bøker i punktskrift og bidra til større leseglede. Vi planlegg å sende ut bilete og tekstar fire gonger i løpet av skoleåret. Den første utsendinga var i haustsemesteret 2013, og gjekk til barn i 1., 2. og 5. klasse. Alle medlemmene i Punktklubben er lånarar hos NLB, og alt materiell blir sendt ut til direkte til barna. I Noreg er det i dag omtrent 35 elevar i 1. til 7. klassetrinn som skal ha opplæring i punktskrift. Prosjektet er blitt til i samarbeid med Norges Blindforbund, og får støtte av midlar frå ExtraStiftelsen.

NLB har ei punktskriftsamling på 7 260 titlar. Punktskriftbøker for barn og unge utgjer 48 prosent av samlinga. 26 prosent av den totale lydboksamlinga er barne- og ungdomslitteratur.

Sommaren 2013 arrangerte NLB for femte gong skriveleir for ungdom i alderen 16 til 25 år med synshemming. Skriveglade ungdommar fekk møte profesjonelle forfattarar og skape sine egne tekstar. I alt 15 ungdommar i alderen 18 til 25 år deltok på skriveleiren, som varte ei veke og var lagd til lokale hos Statped Sørøst.



*Skriveleir for ungdom med synshemming, sommaren 2013.*

## Behaldning

**Tabell 1.1 Behaldning. Folkebiblioteklitteratur**

	2011	2012	2013	Endring 2012–2013
<b>Lydbøker</b>	<b>12 902</b>	<b>13 695</b>	<b>14 653</b>	<b>+958</b>
Vaksne	9 710	10 130	10 870	+740
Barn	3 192	3 565	3 782	+217
<b>Punktskriftbøker</b>	<b>6 500</b>	<b>7 116</b>	<b>7 260</b>	<b>+144</b>
Vaksne	3 319	3 662	3 740	+78
Barn	3 181	3 454	3 520	+66
<b>Samla behaldning folkebibliotek</b>	<b>19 402</b>	<b>20 811</b>	<b>21 913</b>	<b>+1 102</b>

Den samla behaldninga av lydbøker og bøker i punktskrift i kategorien folkebiblioteklitteratur auka med 5 prosent frå 2012 til 2013. Tilbodet av titlar i lydbokformat auka i 2013 med 7 prosent samanlikna med 2012. Det samla utvalet av bøker i punktskrift auka med 2 prosent frå 2012.

Behaldninga og samansetnaden blir i tillegg påverka av kassering i samband med vedlikehald av samlinga.

**Tabell 1.2 Behaldning. Studielitteratur**

	2011	2012	2013	Endring 2012–2013
Lydbøker	2 949	3 337	3 638	+301
E-bøker/punktskrift	121	182	341	+159
<b>Samla behaldning studielitteratur</b>	<b>3 070</b>	<b>3 519</b>	<b>3 979</b>	<b>+460</b>

Som tabellen viser, auka den samla behaldninga av studielitteratur med 460 titlar frå 2012. Det gir ein auke på 13 prosent i 2013.

**Tabell 1.3 Behaldning. Notar**

	2011	2012	2013	Endring 2012–2013
Notar	1 268	1 175	1 175	0

## Utlån

Tabell 1.4 Utlån. Folkebibliotek- og studielitteratur

	2011	2012	2013	Endring 2012–2013
<b>Folkebiblioteklitteratur</b>				
Lydbøker	469 549	518 798	562 690	+43 892
Punktskriftbøker	3 384	2 828	2 053	-775
<b>Utlån folkebibliotek</b>	<b>472 933</b>	<b>521 626</b>	<b>564 743</b>	<b>+43 117</b>
<b>Studielitteratur</b>				
Lydbøker	17 317	24 420	32 317	+7 897
E-bøker/punktskrift	28	72	152	+80
Notar	25	15	4	-11
<b>Utlån studielitteratur</b>	<b>17 370</b>	<b>24 507</b>	<b>32 473</b>	<b>+7 966</b>
<b>Samla utlån</b>	<b>490 303</b>	<b>546 133</b>	<b>597 216</b>	<b>+51 083</b>

### Samla utlån folkebibliotek- og studielitteratur

Det totale utlånet av tilrettelagd litteratur var i 2013 på 597 216 eksemplar. Samanlikna med utlånstala for 2012 gir det ein utlånsvekst på 9 prosent. I 2012 var utlånsveksten på 11 prosent.

### Utlån folkebiblioteklitteratur

#### *Lydbøker og bøker i punktskrift*

Det samla utlånet av folkebiblioteklitteratur auka i 2013 med 8 prosent samanlikna med 2012. Men tabellen viser at utlånsauken berre gjeld lydbøker. Utlånet av bøker i punktskrift har gått ned. Auken i lydbokutlånet er på 8 prosent. Utlånet av bøker i punktskrift blei redusert med 775 eksemplar, noko som gir ein nedgang på 27 prosent frå 2012.

#### *Punktklubbar*

NLB har dei seinaste åra gitt punktskriftlesarar tilbod om bokklubbordningar. Klubbane er eit viktig tiltak for å stimulere til meir lesing av litteratur i punktskrift. Vi har fire ulike klubbar for barn. Det er også fire punktklubbar for vaksne. Til alle klubbane produserer vi eigne hefte. Alle punktklubbane har månadlege utgivingar. Med til saman 70 abonnentar på klubbane for barn og unge og 84 abonnentar på punktklubbane for vaksne blir det totalt sendt ut heile 1 848 hefte. Dette talet blir ikkje ført i den ordinære utlånsstatistikken, men kjem i tillegg og kan forklare nedgangen i det ordinære utlånet.

## Utlån av studielitteratur

Det totale utlånet av studielitteratur auka i 2013 med 33 prosent frå 2012. I 2011 auka utlånet av studielitteratur med 77 prosent og i 2012 med 41 prosent. Utlånsauken er også omtalt under Resultatmål 3 – Studenttenesta.

## Sjølvetente utlån

Via MappaMi, ei sjølvetent utlånsløysing på nettsidene våre, kan lånarane strøyme, laste ned eller bestille lydbøker på CD. Dei kan også bestille bøker i punktskrift. Ved utgangen av 2013 var 38 prosent av dei totalt 18 927 lånarane våre registrerte som brukarar av MappaMi. I 2012 var 24 prosent av lånarane våre registrerte som brukarar av den sjølvetente utlånsløysinga.

## Strøyming og nedlasting

### Studielitteratur

Utlånet av studielitteratur i lydbokformat var i 2013 på 32 317 eksemplar. Strøyming og nedlasting utgjorde 35 prosent av utlånet av studielitteratur. 10 prosent blei strøymd og 25 prosent lasta ned. I 2012 utgjorde strøyming og nedlasting til saman 27 prosent av det totale utlånet av studielitteratur på lyd.

### Folkebiblioteklitteratur

Vi lånte i 2013 ut 562 690 eksemplar folkebiblioteklitteratur i lydbokformat. Her utgjorde strøyming og nedlasting til saman 12 prosent, fordelt på 3 prosent strøyming og 9 prosent nedlasting. I 2012 blei 10 prosent av all utlånt folkebiblioteklitteratur i lydbokformat strøymd eller lasta ned.

## Fjernlån

Tabell 1.5 Fjernlån. Folkebibliotek og studentteneste

	2011	2012	2013	Endring 2012–2013
Folkebibliotek	1 897	1 928	1 714	-214
Studentteneste	979	483	440	-43

## Lånarar

Tabell 1.6 Lånarar

	2011	2012	2013	Endring 2012–2013
Lånarar i alt	15 419	17 052	18 927	+1 875

I 2013 blei det registrert i alt 2 300 nye lånarar hos NLB, noko som gav ein netto auke på 1 875 personar, eller 11 prosent. I 2012 auka talet på lånarar med 10 prosent.



## Resultatmål 2 – Produksjon

All studielitteratur og meir enn halvparten av tilveksten i kategorien folkebiblioteklitteratur blir produsert internt hos NLB. Lydbøkene blir lesne inn i studioa våre eller produserte med talesyntese. NLB produserer bøker i punktskrift ferdig til trykking. Norges Blindforbunds trykkeri i Bergen står for trykking og utsending av punktskriftbøker i papir.

For å sikre eit høgt produksjonsnivå og god kvalitet også i framtida har vi i 2013 lagt ned betydelege ressursar i arbeidet med å utvikle og førebu implementering av eit nytt produksjonsverktøy for innlesne lydbøker. Produksjonsverktøyet blir utvikla i samarbeid med søsterbiblioteket vårt NOTA i Danmark og det danske selskapet Hindenburg.

Vi har i 2013 sett i gang ein prosess for å evaluere både kapasitet og kvalitet for studioa våre som blir brukte ved innlesing av lydbøker. Oppgraderingar av studioa og implementering av det nye produksjonsverktøyet er prosessar som heng nøye saman. Arbeidet held fram i 2014. Ein betra studiosituasjon og nytt produksjonsverktøy vil førebu verksemda på ytterlegare resultatvekst og mellom anna gjere det mogleg å få til ein effektiv produksjon av innlesne bøker med fulltekst.

### Samla produksjon

Tabell 2.1 Samla produksjon. Folkebibliotek- og studielitteratur

	2011	2012	2013	Endring 2012–2013
Innlesne lydbøker og talesyntese, samla produksjon	1 465	1 238	847	-391
Lydbøker – innkjøpte <sup>1</sup>	608	641	426	-215
<b>Samla tilvekst lydproduksjonar</b>	<b>2 073</b>	<b>1 879</b>	<b>1 273</b>	<b>-606</b>
Punktskriftbøker <sup>2</sup>	485	625	403	-221
E-bøker	31	77	152	+75
<b>Samla tilvekst lyd- og punktskriftbøker</b>	<b>2 589</b>	<b>2 581</b>	<b>1 828</b>	<b>-753</b>
Notar	2	4	4	0
<b>Aviser som blir utgitt dagleg</b>	<b>2</b>	<b>2</b>	<b>4</b>	<b>+2</b>

<sup>1</sup>Inkludert innkjøpte titlar frå RNIB, Storbritannia. 500 titlar i åra 2011 og 2012. 300 titlar i 2013.

<sup>2</sup>Tidsskrift og hefte til punktklubbar er inkluderte i produksjonstala frå 2013. Tala for 2011 og 2012 er justerte slik at tidsskrift og hefte også er med her. Sjå tabell 2.5 Samla punktskriftproduksjon.

Den samla tilveksten av lydbøker og bøker i punktskrift var i 2013 på totalt 1 828 titlar. Det er ein nedgang på 752 titlar, eller 29 prosent, samanlikna med tilsvarande tal for 2012.

Talet på eigenproduserte lydbøker, innlesne bøker og bøker produserte med talesyntese blei i 2013 redusert med 391 titlar samanlikna med tilsvarande tal for 2012. Det gir ein reduksjon på 32 prosent for denne typen produksjonar.

## Folkebiblioteklitteratur

**Tabell 2.2 Folkebibliotek. Samla lydproduksjon. Bøker og tidsskrift**

	2011	2012	2013	Endring 2012–2013
Innlesne produksjonar				
Lydbøker	508	562	287	-275
Tidsskrift	45	45	20	-25
<b>Innlesingar i alt</b>	<b>553</b>	<b>607</b>	<b>307</b>	<b>-300</b>
Talesynteseproduksjonar				
Lydbøker	3	2	15	+13
Tidsskrift	169	167	176	+9
<b>Talesynteseproduksjonar i alt<sup>1</sup></b>	<b>172</b>	<b>169</b>	<b>191</b>	<b>+22</b>
Innkjøpte titlar <sup>2</sup>	608	641	426	-215
<b>Samla tilvekst bøker og tidsskrift</b>	<b>1 333</b>	<b>1 417</b>	<b>924</b>	<b>-493</b>

<sup>1</sup>Talet på eksemplar ved dagleg utgiving av aviser er frå 2011 ikkje teke med. Vi rapporterer i staden på talet på avistitlar. Sjå tabell 2.3 Aviser.

<sup>2</sup>Inkludert innkjøpte titlar frå RNIB, Storbritannia. 500 titlar i åra 2011 og 2012. 300 titlar i 2013.

Den samla tilveksten av folkebiblioteklitteratur i lydbokformat var i 2013 på 924 titlar, noko som gir ein nedgang på 35 prosent samanlikna med tilsvarande tal for 2012.

Det blei i 2013 lese inn 300 færre lydbøker enn året før. Talet på innlesingar blei i 2013 redusert med 49 prosent samanlikna med innlesingstala for 2012.

Årsaka til produksjonssvikten for innlesne lydbøker i 2013 er ueinigheita med innlesarar av lydbøker hos oss. Ueinigheita, som gjaldt tilknytingsforholdet til NLB, førte til ein sterkt redusert innlesingsaktivitet i perioden april til oktober 2013. I 2012 auka vi talet på innlesne lydboktitlar totalt med 10 prosent samanlikna med tilsvarande tal for 2011.

Vi samarbeider med søsterbiblioteka våre i dei andre nordiske landa om innkjøp av lydbøker frå RNIB i Storbritannia. I 2013 var det budsjettert med innkjøp av 300 titlar, medan vi dei to føregåande åra kjøpte inn 500 titlar frå RNIB. Nedgangen i talet på innkjøpte titlar kjem i hovudsak av denne endringa.

**Tabell 2.3 Folkebibliotek. Aviser**

	2011	2012	2013	Endring 2012–2013
<b>Aviser som blir gitt ut dagleg</b>	<b>2</b>	<b>2</b>	<b>4</b>	<b>+2</b>

Frå 2013 tilbyr vi i tillegg til Aftenposten og Bergens Tidende dagleg utgiving også av Stavanger Aftenblad og Fædrelandsvennen.

**Tabell 2.4 Folkebibliotek. Lydproduksjonar. Fordeling barne-/vaksenlitteratur**

	2011	2012	2013	Endring 2012–2013
Innlesne produksjonar				
Vaksne	418	422	204	-218
Barn	135	185	103	-82
Talesynteseproduksjonar				
Vaksne	172	169	191	+22
Barn	0	0	0	0
Innkjøpte titlar <sup>1</sup>				
Vaksne	407	419	291	-128
Barn	239	222	135	-87
<b>Samla tilvekst bøker og tidsskrift</b>	<b>1 544</b>	<b>1 417</b>	<b>924</b>	<b>-493</b>

<sup>1</sup>Inkludert innkjøpte titlar frå RNIB, Storbritannia. 500 titlar i åra 2011 og 2012. 300 titlar i 2013.

**Tabell 2.5 Folkebibliotek. Samla punktskriftproduksjon og fordeling barne-/vaksenlitteratur**

	2011	2012	2013	Endring 2012–2013
Bøker				
Vaksne	222	271	171	-100
Barn	179	266	117	-149
<b>Samla produksjon av bøker i punktskrift</b>	<b>401</b>	<b>537</b>	<b>288</b>	<b>-249</b>
Tidsskrift og hefte til punktklubbar				
Vaksne	24	28	63	+35
Barn	60	60	52	-8
<b>Samla produksjon tidsskrift* og hefte til punktklubbar</b>	<b>84</b>	<b>88</b>	<b>115</b>	<b>+27</b>
<b>Samla punktskriftproduksjon<sup>1</sup></b>	<b>485</b>	<b>625</b>	<b>403</b>	<b>-222</b>

<sup>1</sup>Tidsskrift og hefte er inkluderte i rapporteringa frå 2013. Tal for 2011 og 2012 er justerte slik at tidsskrift og hefte også er med her.

Tabellen viser at produksjonen av bøker i punktskrift blei redusert med 249 titlar, noko som gir ein nedgang på 46 prosent samanlikna med produksjonstala for 2012. Den samla produksjonen av tidsskrift og hefte til punktklubbane auka med 27 titlar, eller 30 prosent.

I 2011 og 2012 blei størstedelen av bøkene vi produserte som lydbøker, også gjorde klare for trykking i punktskriftutgåve. Bøkene blir trykte i hefteformat hos Norges Blindes forbunds trykkeri, som også sender bøkene direkte til lånarane. Erfaringane har vist at det ikkje er etterspurnad etter ein stor del av DTBook-filene som blir produserte som grunnlagsfiler for vidare produksjon og trykking av bøker i punktskrift. For å utnytte ressursane best mogleg blei det derfor bestemt at ein skulle avgrense førehandsproduksjonen av DTBook-filer til dei meir sentrale og aktuelle titlane.

I tillegg til bøker som er klare for trykking i punkt, kan lånarane bestille punktskriftutgåver av dei fleste andre av lydbøkene i samlinga vår. Dei kan også bestille punktskriftproduksjon av bøker som ikkje finst i bokbasen vår frå før. Leveringstida er på to til tre dagar for bøker som allereie er gjorde klare for trykking i punkt, og to til tre veker for bøker der DTBook-filer blir laga etter at lånarane har spurt etter boka. Tidlegare var NLBs produksjon det lånarane kunne velje frå. Slik løysinga er no, kan ein velje bøker ut over den produksjonen NLB har i det enkelte året.

## Studielitteratur

**Tabell 2.6 Studielitteratur. Samla produksjon**

	2011	2012	2013	Endring 2012–2013
Innlesne lydbøker	103	165	76	-89
Lydbøker – talesyntese	326	297	273	-24
<b>Total produksjon lydbøker</b>	<b>429</b>	<b>462</b>	<b>349</b>	<b>-113</b>
E-bøker/punktskrift	31	77	152	+75

I 2013 produserte vi totalt 349 titlar studielitteratur i lydbokformat, noko som gir ein nedgang på 24 prosent samanlikna med produksjonstala for 2012. I 2012 hadde vi ein auke i denne typen produksjonar på 8 prosent samanlikna med året før.

I 2013 produserte vi 76 titlar studielitteratur med tradisjonell innlesing. Det er 98 færre titlar enn året før, noko som gir ein nedgang på 54 prosent samanlikna med tilsvarande produksjonstal for 2012. Talet på lydbøker produserte med talesyntese blei i 2013 redusert med 8 prosent.

**Tabell 2.7 Notar. Produksjon**

	2011	2012	2013	Endring 2012–2013
Punktskriftnotar	2	4	4	0

## Resultatmål 3 – Studenttenesta

### Produksjonsomfang og leveringstid

Produksjonen av studielitteratur gjekk i 2013 ned med 24 prosent samanlikna med produksjonstala for 2012. Trass i produksjonsnedgangen nådde vi i 2013 målet når det gjaldt produksjon av pensumlitteratur til synshemma studentar med produksjonsrett. Produksjonsrettstudentane som sende inn pensumlistene sine til studenttenesta vår, fekk levert alle titlane på listene. På same måte som med reduksjonen i innlesing av folkebiblioteklitteratur er også nedgangen i innlesen studielitteratur eit resultat av den langvarige ueinigheita med innlesarar av lydbøker hos oss.

For å kunne levere alle produksjonar på oppdrag av studentar med produksjonsrett har vi i 2013 ikkje kunna prioritere å produsere studielitteratur ut over titlane i pensumlistene. Som eit ledd i ei målretta utvikling av samlinga har vi tidlegare år produsert nokre aktuelle, etterspurde bøker i tillegg til bestillingane frå studentar med produksjonsrett. Berre studentar med synshemming har rett til å få produsert pensumlitteratur hos NLB. Studentar med dysleksi eller andre lesevanskar har ingen sjølvstendig produksjonsrett.

I dei seinaste åra er ein betydeleg del av studielitteraturen produsert med talesyntese. Som ei følgje av den reduserte innlesingskapasiteten i 2013 utgjer lydbøker produserte med talesyntese heile 78 prosent av den totale produksjonen av studielitteratur i lydbokformat. I

2012 utgjorde lydbøkene som var produserte med talesyntese, 56 prosent av den samla studielitteraturen på lyd.

Trass i færre innlesne lydbøker hadde vi i 2013 ein samla nedgang i talet på talesynteseproduksjonar for studentar. Samanlikna med tilsvarande tal for 2012 er reduksjonen på 8 prosent. Forklaringa på at lågare innlesingsvolum ikkje har ført til ein auke i produksjonen av lydbøker med talesyntese, ligg i at produksjonsrettstudentane i aukande grad vil ha pensumlitteraturen produsert i e-bokformat. I 2013 produserte vi 152 e-boktitlar, noko som gir ein auke på 97 prosent samanlikna med året før. Auka produksjon av e-bøker har medverka til å nå målet når det gjeld produksjonar på oppdrag av studentar med produksjonsrett.

Bruk av talesyntese ved produksjon av studielitteratur kortar vesentleg ned på produksjonstida for den enkelte boka, noko som betyr svært mykje for studentane. Også bøker produserte i e-bokformat har kort leveringstid. Lydbøker produserte med talesyntese er fulltekstbøker, som i tillegg til innlesinga inneheld den trykte teksten. Lyd og tekst er synkroniserte. Bøker i e-bokformat kan lesast med leselist eller med opplesingsverktøy som studentane har installert på PC-ane sine.

### **Lånarsamansetnad**

Studenttjenesta tilbyr studentar som ønskjer det, ekstra hjelp og oppfølging i utdanningsforløpet. Studentane blir oppfordra til å sende inn pensumlistene sine, slik at studenttjenesta i tillegg til å verifisere titlar frå NLBs eiga samling og setje bøker i produksjon kan formidle litteratur frå samlingar i andre land.

I 2013 blei det registrert 443 nye studentlånarar hos NLB. I 2012 var det tilsvarande talet 428. Av totalt 655 aktive studentar som i 2013 nytta seg av tilbodet om personleg oppfølging i løpet av studietida, var 79 personar, eller 12 prosent, studentar med produksjonsrett. I 2012 var det 599 studentar som hadde løpande oppfølging frå studenttjenesta. 69 av studentane hadde produksjonsrett. Talet på studentar med produksjonsrett har vist berre små endringar dei seinaste åra.

### **Auka utlån**

I tabell 1.2 Utlån under resultatmål 1 – Formidling kjem det fram at utlånet av studielitteratur auka frå 24 420 eksemplar i 2012 til 32 317 eksemplar i 2013, noko som gir ein utlånsvekst på 33 prosent. I 2011 auka utlånet av studielitteratur med heile 77 prosent og i 2012 med 41 prosent. Med unntak av i 2013 har vi dei seinaste åra hatt ein auke i studielitteraturproduksjonen. Til grunn for utlånsveksten ligg eit breiare tilbod og ein auke i talet på nye studentlånarar.

Strøyming og nedlasting utgjorde i 2013 totalt 25 prosent av det samla utlånet av studielitteratur på lyd. I 2012 blei 27 prosent av studielitteraturen strøymd eller lasta ned. Lånarane av studielitteratur vel strøyming og nedlasting i større grad enn dei som låner folkebiblioteklitteratur. Strøyming og nedlasting av folkebiblioteklitteratur på lyd utgjorde i 2013 12 prosent.

## **Resultatmål 4 – Nasjonalt ansvar**

NLB har eit utstrekt samarbeid med andre produsentar av tilrettelagd litteratur, både nasjonalt og internasjonalt. Innanlands samarbeider vi om produksjonsspørsmål med mellom andre Statped søraust, Norges blindforbund og kommersielle aktørar innan digitalisering og lydproduksjon. Vi har etablert eit tett samarbeid med søsterbiblioteka våre i dei andre nordiske landa, og internasjonalt med DAISY Consortium (DC).

### **Samarbeid nasjonalt**

#### **Norsk DAISY-konsortium (NDK)**

NLB tok i 2006 initiativ til å stifte Norsk DAISY-konsortium (NDK). NDK er tilslutta det internasjonale DAISY Consortium (DC), og består av Universell, Statped søraust, Norges blindforbund, KABB (Kristent arbeid blant blinde og svaksynte) og NLB. NLB leier arbeidet i NDK.

Spørsmål knytte til samarbeid om distribusjons- og produksjonstekniske spørsmål har stått sentralt i konsortiet. I 2014 startar vi eit samarbeid med KABB om distribusjon av bøkene deira. Eit samarbeid med Norges blindforbund om distribusjon av lydavisene dei gir ut, er under utgreiing, og vi drøftar eit mogleg distribusjonssamarbeid med Statped, som produserer tilrettelagde lærebøker for elevar i grunnskole og vidaregåande skole. Distribusjonssamarbeid mellom NLB og dei andre medlemmene i NDK vil vere med på å gjere informasjon om og tilgang til tilrettelagd litteratur meir oversiktleg og enklare for våre felles målgrupper. Distribusjonssamarbeidet inneber at alle medlemmene får høve til å ta i bruk lydbok-appen Lydhør.

#### **Nasjonalbiblioteket**

NLBs digitale masterarkiv blir lagra ved Nasjonalbiblioteket si avdeling i Mo i Rana. Det sikrar at produksjonane våre er tilgjengelege uansett kva filformat som blir teke i bruk i framtida. Utlånet av lydbøkene, inkludert brenning av ein ny DAISY-CD for kvart nytt utlån, skjer hos NLB. Samlinga vår av punktskriftbøker produserte før 2010 utgjer eit stort volum, og den store lagringskapasiteten ved NB Mo i Rana blir utnytta ved at bøkene blir oppbevarte der. Ved utlån blir punktskriftbøkene sende direkte frå Mo i Rana til den enkelte lånaren. Dette har stor betydning for NLB og eit godt eksempel på samarbeid for å utnytte statlege ressursar best mogleg.

### **Internasjonalt samarbeid**

#### **DAISY Consortium (DC)**

Deltaking i DAISY Consortium (DC) betyr mykje for store delar av utviklingsarbeidet vårt. NLB er representert i styret for DC – seksjonssjefen for produksjonsavdelinga har vervet som treasurer. I tillegg har NLB hatt ei viktig rolle i arbeidsgruppa som utvikla eit online grensesnitt (GUI) for DAISY Pipeline, hovudproduksjonsverktøyet for lydbøker med talesyntese. DAISY Pipeline blei i 2008 teke i bruk som internt produksjonsverktøy i NLB.

NLB har styrkt utviklarkompetansen, og har ei sentral rolle i utviklinga av DAISY Pipeline 2. Produksjonsavdelinga bidreg med ei 60 prosent stilling i dette utviklingsprosjektet. DAISY Pipeline 2 er basert på open kjeldekode, og gjer det mogleg å auke automatiseringa ved produksjon av tilrettelagt materiale. Vidareutvikla produksjonsverktøy, med forbetra kjerne tilpassa endringar i behov, sikrar at NLB kan tilby produkt i det formatet lånarane ønskjer.

## **IFLA (The International Federation of Library Associations and Institutions)**

NLB er medlem av Standing Committee i IFLAs seksjon Libraries Serving Persons with Print Disabilities. Seksjonen har som hovudoppgåve å arbeide for at personar med syns- og lesehemningar får tilgang til dei same bibliotekenestene som andre.

## **TIGAR**

I dei to seinaste åra har NLB delteke i det internasjonale samarbeidet mellom bibliotek og rettshavarar som blir kalla TIGAR-prosjektet. Samarbeidet er basert på at såkalla Trusted Intermediaries (TIs) får tilgang til å laste ned bøker frå samlingane til kvarandre. Deltaking i TIGAR-prosjektet er med på å auke tilgangen for norske lånarar til både folkebibliotek- og studielitteratur. Samarbeidet har gitt lånarane våre tilgang til studielitteratur på lyd frå produsentar av tilrettelagd litteratur i USA. TIGAR-samarbeidet er eit viktig samarbeid medan vi ventar på å sjå dei konkrete resultatane av WIPO-traktaten om utveksling av litteratur som blei forhandla fram sommaren 2013

## **Bookshare**

NLB har ein avtale med det amerikanske nettbaserte biblioteket Bookshare, som, på same måte som NLB, arbeider for å gi lik tilgang til litteratur og informasjon. Bookshare har meir enn 70 000 engelskspråklege e-bøker i sitt digitale bibliotek. 20 000 av titlane er i dag tilgjengelege for NLBs lånarar – som sjølve lastar ned bøkene frå Bookshare.

## **Nordiske lyd- og blindeskriftbibliotek**

Vi samarbeider tett med dei nordiske søsterbiblioteka våre. Samarbeidet omfattar både produksjons- og distribusjonsspørsmål og saker knytte til formidlings- og informasjonsarbeidet.

## **Resultatmål 5 – Utvikling**

### **Distribusjon**

Vi har i 2013 utvikla og implementert eit nytt backendsystem for online-distribusjon. Dette arbeidet har vore nødvendig for å kunne ta i bruk den nyutvikla lydbok-appen vår og for å leggje til rette for utprøving av DAISY-online-spelarar.

### **Lydbok-app**

NLBs lydbok-app Lydhør har vore tilgjengeleg for lånarane våre frå hausten 2013. Lydhør er utvikla både for Apple-einingar som bruker operativsystemet iOS, og for mobilar og nettbrett som bruker operativsystemet Android. Desse systema er svært forskjellige. I samband med utviklinga av Lydhør har vi derfor gitt to ulike utviklingsmiljø, med kompetanse på kvart sitt operativsystem, i oppdrag å utvikle dei to utgåvene av Lydhør.

Firmaet Pyxima har stått for utviklinga av Android-versjonen av Lydhør, medan firmaet Sensotec har utvikla iOS-utgåva. Begge firmaa er belgiske, og det har vore eit tett samarbeid mellom dei to utviklingsmiljøa. Parallelt med utviklinga av Lydhør for NLB har Pyxima og Sensotec utvikla tilsvarande appar for vår svenske søsterorganisasjon MTM, og også for eit kommersielt svensk føretak, Inläsningstjänst. NLB finn det gunstig at vi på denne måten kan dra nytte av eit felles utviklingsprosjekt, både med tanke på å redusere utviklingskostnader og for å byggje på ideane og erfaringane til kvarandre.



Lydhør kan lastast ned gratis frå App Store og Google Play. Alle lydbøkene i samlinga vår kan strøymast eller lastast ned til smarttelefonar og nettbrett. Appen kjem i tillegg til tilbodet om strøyming og nedlasting til PC. Strøyming tilbyr vi via vår eigenutvikla løysing NLBDirekte.

### **DAISY-Online-spelarar**

I 2013 har vi sett i gang eit prosjekt for å teste ut distribusjon av lydbøker via Internett til DAISY-Online-spelarar. Prosjektet førebur distribusjonen direkte til DAISY-spelarar i ein framtidig situasjon der CD-ar, som ei følgje av generelle, kommersielle teknologiske endringar, kan bli fasa ut. Prosjektet blir ført vidare i 2014.

### **Abonnementsmodul for aviser**

I samarbeid med leverandøren Bibliofil har vi gjennomført endringar i biblioteksystemet vårt som gjer at vi i løpet av 2014 kan utvide tilbodet av aviser.



*NLB har utvida avistilbodet i 2013.*

### **Produksjon**

#### **Nytt produksjonsverktøy**

I samarbeid med NOTA, søsterbiblioteket vårt i Danmark, underteikna vi hausten 2011 ein kontrakt med det danske selskapet Hindenburg om utvikling av eit nytt produksjonsverktøy

for innlesne lydbøker. Produksjonsverktøyet er no ferdig utvikla og klart for implementering i studioa våre.

Vi starta i 2013 ei totalvurdering av studioa våre for å kartleggje både kapasitet og kvalitet. Oppgraderingar av studioa og implementering av Hindenburg er prosessar som må sjåast i samanheng. Det nye produksjonsverktøyet blir teke i bruk så snart studiosituasjonen er avklart og nødvendige endringar er gjennomførte.

### **Fulltekstbøker**

NLB har tidlegare gjennomført eit prosjekt for å prøve ut produksjon av innlesne lydbøker med fulltekst. Hindenburg vil gjere det mogleg for oss å etablere produksjon av lydbøker i dette formatet. I dag er tilbodet av bøker med både tekst og tale avgrensa til talesynteseproduksjonane. Til produksjonen av bøker med talesyntese nyttar vi den eigenutvikla talesyntesen vår, Brage, som blei utvikla i samarbeid med søsterbiblioteket vårt MTM i Sverige. Brage har vore i bruk sidan 2009. Vi har fram til i dag brukt ein del ressursar på forbetringar og vidareutvikling av Brage. Ein betydeleg del av studielitteraturen blir produsert med talesyntese.

### **Revisjon av NorBraille**

NorBraille er produksjonsverktøyet vårt for bøker i punktskrift. Produksjonen er basert på DTBook-filer. NorBraille er utvikla i samarbeid med den danske leverandøren Sensus, og har vore i bruk hos NLB i to år. I samarbeid med NOTA (Danmark), MTM (Sverige) og SBS (Sveits) starta vi i 2013 eit prosjekt for å utvikle eit nytt og forbetra produksjonsverktøy for bøker i punktskrift. Korrekt og effektiv produksjon av punktbøker i kortskrift er eitt av krava til det nye produksjonsverktøyet. NLB har tidlegare etablert ei felles digital produksjonslinje for lyd- og punktskriftbøker.

### **Risikostyring og internkontroll**

Rapporten Kritisk blick på IKT er ein gjennomgang av organisering og kostnader knytte til IKT-verksemnda vår. Rapporten beskriv risikofaktorar og tiltak for risikoredusering. Den første rapporten, frå 2007, blei følgd opp med ein ny rapport i 2009. Ei rekkje tiltak er gjennomførte etter det. I 2013 starta vi arbeidet med å utarbeide ein ny IKT-rapport for NLB. Risikovurdering og beskriving av risikoreduserande tiltak vil stå sentralt i rapporten.

NLBs reglement *Rutiner for anskaffelser* sikrar at alle innkjøp i NLB blir gjennomførte i samsvar med gjeldande lover, forskrifter, retningslinjer og instruksar for offentlege innkjøp.

Strategiplanen for perioden 2011 til 2014 beskriv hovudmål og tiltak for måloppnåing i verksemnda. Basert på sentrale mål i strategiplanen utarbeider vi årlege verksemdsplanar for organisasjonen. Strategi- og verksemdsplanar blir godkjende av styret i NLB. Risikovurdering er teke inn som eit eige punkt i dei årlege verksemdsplanane til organisasjonen og er også eit viktig punkt i NLBs prosjektmodell.

NLB abonnerer på HMT-system frå leverandøren "Infotjenester". Systemet inkluderer varslingsystem.

## Etiske retningslinjer og etisk bevisstgjerung

NLB er ein oversiktleg organisasjon som saman med karakteren til verksemda bidreg til at det på mange område er avgrensa risiko for å komme i konflikt med dei etiske retningslinjene som gjeld for statstenesta.

Vi har ein betydeleg kontakt med brukarane våre, både på telefon, via e-post og gjennom sjølvbetente løysingar på Internett. Dette kan i enkelte tilfelle føre til krevjande situasjonar der fleire omsyn må vegast opp mot kvarandre. Mellom anna gjennom utarbeiding og oppfølging av ei serviceerklæring prøver vi å ta vare på kvar enkelt brukar best mogleg, samtidig som vi har heilskapen for auge. Det er orientert om etiske retningslinjer for statstenesta på allmøte i NLB.

Som det går fram fleire stader i denne årsrapporten, har NLB sett mykje inn på å effektivisere verksemda. Slik arbeider vi for å sikre at dei midlane som er løyvde, gir så gode resultat for brukarane som mogleg.

## Likestilling

2013	Totalt		Leiarstillingar		Andre stillingar	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Kjønnsfordeling – alle tilsette (i pst.)	61,9	38,1	40,0	60,0	64,4	35,6
Kjønnsfordeling – heiltidstilsette (i pst.)	58,2	41,8	40,0	60,0	60,6	39,4
Kjønnsfordeling – deltidstilsette (i pst.)	84,9	15,1	0,0	0,0	84,9	15,1
Gjennomsnittslønn (i 1 000 kr)	399	492	627	736	386	410

Likestilling mellom kjønna er ei viktig målsetjing for lønnspolitikken i NLB. Dersom vi held leiarstillingar utanom, ser vi av tabellen at mannlege tilsette tener 6 prosent meir enn kvinnelege tilsette. Vi har ikkje funne noko som tyder på at menn og kvinner systematisk blir behandla ulikt i spørsmål om lønnsfastsetjing og lønnsutvikling.

## Miljøarbeid

NLBs *Rutiner for anskaffelser* sikrar at vi oppfyller kravet regjeringa stiller til offentlege verksemdar om å utøve miljø- og samfunnsansvar ved innkjøp. Leiinga i NLB er ansvarleg for miljøarbeidet og skal sjå til at tiltaka blir følgde opp i avdelingane. Ei eske til papirinnsamling er plassert ved kvar arbeidsplass. Datautstyr blir gjenbrukt internt. Ved kassasjon blir datautstyr levert til gjenbruk eller til miljøvennleg destruksjon. All belysning i kontorlandskapet blir slått av automatisk etter kl. 18.00.

I 2011 lanserte vi ei ny løysing for nettbasert distribusjon, og vi tilbyr no strøyming og nedlasting av alle lydbøkene i samlinga vår. I tillegg til eit forbetra tenestetilbod gir nye distribusjonsmåtar ein miljøgevinst ved at vi reduserer talet på lydbøker produserte på CD.

## **Anna rapportering**

### **Inkludering og mangfald**

Lik tilgang for alle er NLBs visjon. Gjennom produksjon av tilrettelagd litteratur og gjennom formidling og informasjon bidreg vi til inkludering og likestilling for menneske som på grunn av ulike funksjonsnedsetjingar ikkje kan lese trykt tekst.

Vi samarbeider internasjonalt med andre produsentar av tilrettelagd litteratur for å auke tilbodet av litteratur på andre språk enn norsk i vår eiga boksamling og for å kunne formidle tilrettelagd litteratur på ei rekkje ulike språk frå samlingar i andre land. Nordisk samarbeid, deltaking i IFLA og Daisy Consortium (DC) er, i tillegg til avtalen med Bookshare, av stor betydning for å kunne formidle litteratur på fleire språk.

Vi har i 2013 etablert eit samarbeid med Det flerspråklige bibliotek og produsert nokre lydbøker på minoritetsspråk. Produksjonane er knytte til markeringa av Morsmålsdagen 2014.

NLB hadde per 31.12.13 tre tilsette med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn utgjer 5 prosent av dei tilsette totalt. Ved utlysing av ledige stillingar oppfordrar vi alle kvalifiserte kandidatar til å søkje, uavhengig av nasjonal eller etnisk bakgrunn.

### **Universell utforming**

Å oppfylle kravet om universell utforming og sikre god tilgjengelegheit for alle har høg prioritet i NLB. Nettsidene våre er ein viktig kommunikasjonskanal til lånarar og interessentar. Nettsidene er utvikla med brukargrensesnitt, struktur og tekstutforming der omsynet til universell utforming og god kommunikasjon med dei ulike brukargruppene våre står sentralt.

Nettbasert distribusjon og endringar i kommunikasjonsbehova våre, mellom anna som følgje av større satsing på informasjonsarbeid, har samtidig ført til behov for oppgradering av nettsidene. Vi har sett i gang eit prosjekt som skal vurdere tiltak for å sikre betre kommunikasjon og eit godt brukargrensesnitt som tek vare på behova til brukargruppene våre.

### **Brukarundersøking**

Den siste brukarundersøkinga til NLB er frå 2012. I samarbeid med Opinion gjennomførte vi da ei brukarundersøking blant lydboklånarane. 550 av dei aktive lydboklånarane våre blei intervjuet per telefon, og nokre færre deltok i gruppeintervju. Formålet med undersøkinga var å måle tilfredsheit med tilbodet frå NLB og å kartlegge bruksmønsteret til lånarane.

I undersøkinga blei det stilt spørsmål om låne- og lesevanar og om kor fornøgde lydboklånarane er med litteraturtilbodet ved NLB. Vidare blei det stilt spørsmål om kvaliteten på lydbøkene, kontakten med førstelinjetenesta og om brukargrensesnitt og informasjon på nettsidene. Undersøkinga viser at lånarane er godt fornøgde med tilbodet av lydbøker. Dei synest det er enkelt å komme i kontakt med biblioteket, og at dei får god hjelp til å velje bøker.

Kort om funn i brukarundersøkinga:

- 83 prosent av dei spurde er heilt einig / ganske einig i at det er enkelt å komme i kontakt med NLB, og at dei tilsette er serviceinnstilte.
- 62 prosent av dei spurde høyrer dagleg på lydbøker frå NLB.
- 90 prosent låner skjønnlitteratur, omtrent halvparten oppgir at dei også låner faglitteratur og sakprosa.
- Undersøkinga viser stor tilfredsheit på spørsmål om kvaliteten på lydbøker frå NLB.
- 76 prosent synest informasjonen på NLBs nettsider er tydeleg og lett å forstå, 64 prosent synest det er enkelt å finne informasjon på nettsidene.

### **Oppfølging av IA-avtalen**

NLB inngjekk den første IA-avtalen i 2003. Den noverande IA-avtalen blei inngått i 2011 og gjeld ut 2013. NLB fører dette arbeidet vidare, og vil formalisere det i ein ny IA-avtale i 2014. I tilknytning til IA-avtalen blei det i 2011 utarbeidd ein handlingsplan som beskriv NLBs tiltak for å redusere sjukefråværet, auke sysselsetjinga av personar med nedsett funksjonsevne og stimulere eldre arbeidstakarar til å stå lenger i jobb. I 2013 var det totale sjukefråværet i NLB på 6,8 prosent. Det totale sjukefråværet i 2012 var på 6,4 prosent. NLB er ein arbeidsplass som legg til rette for personar med nedsett funksjonsevne.

NLB har dei seinaste åra auka samarbeidet med bedriftshelsetenesta, og nyttar i større grad tenestene dei tilbyr. I 2012 gjennomførte vi saman med bedriftshelsetenesta ei arbeidsmiljøundersøking i heile organisasjonen. Undersøkinga har gitt avdelingsvise rapportar og rapportar på organisasjonsnivå. Vi har i 2013 sett i verk fleire tiltak for å betre arbeidsmiljøet i NLB. I samarbeid med bedriftshelsetenesta held vi i 2014 fram arbeidet med å betre arbeidsmiljøet i organisasjonen.

### **Utfordringar for NLB**

I åra som kjem, ønskjer NLB å auke både produksjonsvolumet og produktbreidda. Meir av litteraturen skal gjerast tilgjengeleg for menneske som strevar med å lese trykt tekst! Samtidig er vi avhengige av å halde fram med den sterke satsinga på vidareutvikling av produkt, produksjonsmåtar og distribusjonsformer.

NLB er gjennom Norsk DAISY-konsortium (NDK) medlem i det internasjonale DAISY Consortium (DC). I strategien for DC er eit berande element samarbeid med forlag og andre utgivarar for å få dei til å publisere elektroniske utgivingar i tilgjengelege format. Dette vil NLB arbeide for å få til i Noreg.

NLB har lansert lydbok-appen Lydhør. Med Lydhør kan lånarane våre høyre lydbøker på smarttelefonar og nettbrett, plattformer som er i alminneleg bruk. Like viktig som utvikling av lydbok-app er det å utvikle løysingar for lånarar med låg IKT-interesse. Vi har i 2013 starta eit prosjekt for å teste ut direkte overføring av bøker til DAISY-spelarar. Implementering av dette som ei distribusjonsløysing som kan erstatte CD-ar, gir ei stor utfordring.

NLB har i 2013 lansert aksjonen Rett til å lese. Det inneber ei betydeleg opptrapping av informasjonsverksemda vår. Målet er at det skal gi 10 000 nye lånarar i løpet av to år. Sjølv om automatisering og sjølvbeteningsløysingar er ein viktig og stadig viktigare del av tilbodet vårt, vil også fleire lånarar skape eit ressursbehov. NLB har henta ut betydelege

produktivtetsgevinstar dei seinaste åra. Vi vil halde fram med den utviklinga, men det er ikkje realistisk å nå like store gevinstar framover.

Norske studentar i målgruppene våre nyt godt av at vi kan laste ned studiebøker til dei frå den svenske søsterverksemda vår MTM. Gjennom samarbeid som TIGAR og Bookshare kan NLBs rolle i å gi tilgang til andre samlingar bety stadig meir. Det vil krevje eit enda større internasjonalt engasjement.

NLB har i åra som kjem, klare ambisjonar om å nå betre ut med budskapen om tilbodet vårt til målgruppene og å utvikle tilbodet vidare. Erfaringane frå dei seinaste åra viser at vi gjennom eigen innsats og eit godt nasjonalt og internasjonalt samarbeid er rusta for å få det til.

### **Styrebehandla**

Styret godkjende årsrapporten på styremøte 12.02.2014

Oslo, 14.02.2014

Øyvind Engh  
direktør

Liv Torild Ellefsen  
informasjonssjef